



Laurdag føremiddag startar verdsrekordhaldar i saueklypping frå New Zealand Rodney Sutton assistert av briten Rick Wanright årets kurs i det nye fjøset til Olav Hjetland Bringedal. Medan det ifjor var 15 elevar er det 9 i år utan at Olav kan peika på nokon bestemt grunn til nedgangen. Elevane kjem frå Kvinnherad, Tysnes og Odda og startskotet går klokka 11.

Rodney sette sin verdsrekord så tidleg som i 2007 og då klypte han 711 vaksne sauer på 9 timar. Han har også klart å frigjera eit lam for ulla på 14 sekundar.

Det er eit komplisert og krevjande regelverk bak tevlingane i saueklypping, men dei som kjenner det meiner at ingen overgår klyppefenomenet frå New Zealand.

Over er han i aksjon i fjor hos Hjetland Bringedal, der dei har dei beste tilhøve som ein saueklyppar kan tenkje seg.
- Rodney's prestasjon er heilt utruleg, seier Olav.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen